

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|----------|------------|
| Anne Kristin Rafoss | FE - 010 | 15/716 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 098/2015 | Kommunestyret | PS | 29.10.2015 |

Val av Kontrollutval for valbolken 2015 - 2019

Vedlegg:

Brev til kommunene om valg av kontrollutvalg 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutval for valbolken 2015 – 2019 er:

| namn | funksjon | parti | varaemedlem | parti |
|------|-----------|-------|-------------|-------|
| | leiar | | | |
| | nestleiar | | | |
| | medlem | | | |

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Etter kommunelova § 77 nr 1 vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som på vegne av kommunestyret har det løpende tilsynet med forvaltninga i kommunen. Kommunelova § 17 nr 2 fastset at kontrollutvalet skal veljast i det konstituerande møte, etter val av formannskap og ordførar, men før ein vel andre folkevalde organ.

Etter ei lovendring av kommunelova der § 77 nr 8 vart oppheva, er det no reglane om opne møte i folkevalde organ i mellom anna kommunelova §§ 31 – 31a som vil gjelde for møta i kontrollutvalet.

Fakta

Kontrollutvalet sine oppgåver finn ein i forskrift om kontrollutval. Etter § 2 i denne forskriften skal kontrollutvalet ha minst tre medlemmer. Minst eit av medlemmene i kontrollutvalet skal veljast mellom medlemmene av kommunestyret. Kommunestyret vel medlemmer og varaemedlemmer til kontrollutvalet, og leiar og nestleiar mellom dei valde medlemmene.

Dei vanlege reglane for kven som er utelukke frå val, gjeld òg for val til kontrollutvalet. I tillegg er følgjande personar utelukka for val:

- ordførar og varaordførar

- medlem og varamedlem til formannskapet
- medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde
- medlem og varamedlem av kommunestyrekomite
- tilsette i kommunen

Vurdering

Kontrollutvalet i Masfjorden kommune har tradisjonelt hatt tre medlemmer og slik følgt minstekravet fastsett i forskrifta. Kommunestyret avgjerd sjølv kor mange medlemmer det skal vere i Kontrollutvalet utover minstekravet. Når det gjeld varamedlemmer har Masfjorden kommune dei siste to periodane vald desse i prioritert rekkefølgje i staden for som personlege vara til kvart medlem. Grunngjevinga for den innarbeidde praksisen er at det gjer meir stabilitet i Kontrollutvalet når same vara får innkalling uavhengig av kven av medlemmene som melder forfall.

Medlemmer til Kontrollutvalet kan veljast som forholdstalsval (jf kommunelova § 36 nr 2) eller avtaleval (jf kommunelova § 38a nr 3). Ved forholdstalsval kan kvar liste innehalde inntil dobbelt så mange forskjellelege namn som det skal veljast medlemmer til kontrollutvalet. Kvar liste blir tildelt så mange varamedlemmer som ho får medlemmer + to. Ved avtaleval vert det lagt fram ei innstilling med forslag til kandidatar til Kontrollutvalet. Innstillinga skal splittast opp slik at ein nemner medlemmer og varamedlemmer frå kvar gruppe med partinemning. Varamedlemmer vert slik ikkje varamedlemmer for andre enn dei faste medlemmene frå vedkomande parti. Det er ikkje høve til å stille ei felles vararepresentantliste for Kontrollutvalet viss ein vel medlemmer til dette utvalet ved avtaleval.

Konklusjon

Kommunestyret - 098/2015

KS - behandling:

Ordførar orienterte kort.

Det vart lagt fram følgjande fellesforslag:

Kontrollutval for valbolken 2015 –2019 er:

| namn | Funksjon | parti | varamedlem | parti |
|---------------------|-----------|-------|------------------|-------|
| Arthur Sjursen | leiar | Ap | Birger Wergeland | Ap |
| Bjarte Kvinge Tvedt | nestleiar | FrP | Willy Borge | FrP |
| Wenche Dåe | | Sp | Rigmor Søvik | Sp |

Røysting:

Fellesframlegget vart samråystes vedteke.

KS - vedtak:

Kontrollutval for valbolken 2015 –2019 er:

| namn | Funksjon | parti | varamedlem | parti |
|------|----------|-------|------------|-------|
|------|----------|-------|------------|-------|

| | | | | |
|---------------------|-----------|-----|------------------|-----|
| Arthur Sjursen | leiar | Ap | Birger Wergeland | Ap |
| Bjarte Kvinge Tvedt | nestleiar | FrP | Willy Borge | FrP |
| Wenche Dåe | | Sp | Rigmor Søvik | Sp |